



Olje- og energidepartementet
Energi- og vannressursavdelingen
v/ Hilde Rønning
Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

Bergen, 17.10.2011

Tilleggsuttale om Bondhus kraftverk

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) deltok på sluttsynfaringa av ovannemnde sak den 5.10.11 etter at utbyggjarane, Kraftkarane AS hadde påklaga avslaget frå Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) av 26.10.09.

NVH sin konklusjon er følgjande:

Det kom under synfaringa ikkje fram nye moment som svekker dei konklusjonane som er gitt tidlegare av NVE i brevet av 26.10.09 og i våre eigne vurderingar (4.10.07 og 14.10.08). Tvert imot vart desse konklusjonane styrka ved det inntrykket vi fekk på synfaringa, både ved sjølvsyn og ved samtale med andre deltakarar.

Dette kan samanfattast slik:

- Den foreslåtte utbygginga vil medføre sterkt redusert vassføring på den nær 2 km lange strekninga mellom inntak og kraftstasjon, noko som vil føra til redusert kvalitet på landskapsopplevinga i Bondhusdalen ved at heilskapen i landskapet blir øydelagt.
- Det vil også føra til sterkt negative konsekvensar for fisk og biologisk mangfald, særleg for den sterkt truga arten vasshalemose og andre påviste artar som er avhengige av rennande vatn. Dette vil og vera i strid med dei generelle retningslinene for småkraftverk (2007) der det heiter at *”tiltak som kommer i konflikt med arter som er kritisk truet, eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeliggjøre nasjonal oppfyllelse av internasjonale avtaler, kan ikkje påregne konsesjon.”*
- Utbygginga vil medføre inngrep i form av inntak og ei 1 740 meter lang og opptil 20 meter brei nedgravd røyrgate, som vil redusera landskapsverdiane i Bonhusdalen, og spesielt den mektige grusterrassen ovanfor (sør for) brua, som røyrgata vil skjera tvers gjennom. Også inntaket blir eit skjemmaende inngrep, som vil vera godt synleg frå turistvegen inn til Bondhusvatnet. I følgje Rosendal Turistsenter deltar 2 500 – 3 000 turistar i guida turar opp dalen kvart år. Vi er sterkt ueinige med utbyggjar i at det berre er ovanfor inntaket at verdiane i Bondhusdalen ligg, og at traseen for røyrgata ikkje kjem i nærleiken av kvartæravsetningane.
- Som NVE påpeikar, vil inntaket på kote 120 liggja 40 meter innanfor grensa for landskapsvernområdet, og 2-300 meter av den delvis tørrlagte elvestrekninga nedanfor inntaket vil og liggja innanfor landskapsvernområdet. Dette er i strid med vernereglane (verneforskrift §3, punkt 1)
- Dei fleste andre store og mellomstore vassdrag på Folgefonnhalvøya er alt utbygd, eller er under konsesjonsbehandling. Omsynet til sumverknader for heile landskapet rundt Folgefonna Nasjonalpark tilseier difor at Bondhuselva ikkje blir utbygd.
- NVH meiner dessutan at det er sit stort potensiale for arbeidsplassar knytt til naturbasert turisme i Bondhusdalen, og at dei verdiane som er knytt til rennande vatn er langt større enn dei som ei utbygd elv representerer, for det er som regel vatnet som gir landskapet liv. Ved ei utbygging som foreslått frå utbyggjar, vil desse verdiane bli øydelagt.

Som ein konklusjon av det som er nemnt ovanfor, oppmodar vi difor Olje- og Energidepartementet innstendig om ikkje å ta klagen frå Kraftkarane AS til følgje.

Med venleg helsing
For Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre (sign.)
leiar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen